

## Faktaark om Nordhordlandspakken og betaling gjennom bommar


Nordhordlandspakken omfattar ulike prosjekt og tiltak fyrst og fremst i kommunane Lindås, Meland og Radøy, men og nokre mindre prosjekt i Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen. Det er mellom anna planlagt bygging av nye fylkesvegvar, utbetring av eksisterande fylkesvegvar, gang- og sykkelvegvar, oppgradering av E39 gjennom Knarvik sentrum og oppgradering av kollektiv terminal på Flatøy og i Knarvik.

Nordhordlandspakken er vedtatt av kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy og seinare Hordaland fylkesting og Stortinget. Totalsum for prosjekta i Nordhordlandspakken er 1,6 milliardar kroner (indeksregulert til 2019 kr). Det er sett ned eit kontaktutval som består av representantar frå Hordaland fylkeskommune, Regionrådet i Nordhordland og Statens vegvesen som styrer prosjekta og framdrifta av pækken.

### Betaling

- Enkel passering utan AutoPASS-avtale: Køyretøy inntil 3500 kg kr 19, Køyretøy over 3500 kg kr 31.
- Med AutoPASS-avtale og brikke i bilen:
  - ✓ Du får 20 prosent rabatt per passering, dvs. kr 15,20 pr passering for køyretøy under 3500 kg.
  - ✓ Du blir belasta maksimalt 50 passeringar pr. kalendermånad pr. køyretøy som er knytt til avtalen. Månadssum blir maksimalt kr 760 med avtale for køyretøy under 3500 kg.
  - ✓ Du betalar berre for ei passering i bomringen i Nordhordlandspakken dersom same køyretøy passerer fleire bomstasjonar i løpet av 60 minutt (timesregelen)
- El-bilar betalar 50% med AutoPASS-avtale, dvs. kr 7,60 pr. passering. Månadssum blir maksimalt kr 380 for EL bil med avtale.
- Motorsykkel og ATV registrert som 4- hjuls motorsykkel er gratis.
- Det er to-vegs innkrevjing. Det vil seie at du må betala begge vegvar.
- Bestilling av AutoPASS-avtale til køyretøy skjer hos Ferde: <https://ferde.no/min-side/>

Innkrevjingstida er 12 år. Innkrevjinga startar 1. desember 2019. Oppstart av innkrevjing på bomstasjon nr. 6 på Radøy, vil bli når prosjektet Marås-Soltveit over Radøy er ferdig.

Prosjekta i Nordhordlandspakken	Kart over plasseringar av bomstasjonar
<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fv. 565 Marås-Soltveit, Radøy</li> <li>2. Fv. 57 Knarvik-Isdalstø, Lindås</li> <li>3. Fv. 245 Fosse-Moldekleiv, Meland</li> <li>4A. Fv. 564 Fløksand-Vikebø, Meland</li> <li>4B. Fv. 564 Undergang på Holme, Meland</li> <li>5. Fv. 564 Frekhaug-krysset, Meland</li> <li>6. E39 Knarvik sentrum, Lindås</li> <li>7A. Kollektivtiltak E39, Meland</li> <li>7B. Kollektivtiltak Knarvik, Lindås</li> <li>8. Fv. 565 vegutbetring, Austrheim</li> <li>9. Fv. 570 vegutbetring, Masfjorden</li> <li>10. Fv. 423 vegutbetring, Fedje</li> <li>11. Fv. 569 vegutbetring, Modalen</li> <li>12. Fv. 564 Fosse-krysset, Meland</li> <li>13. Fv. 409 kollektivtiltak, Manger sentrum, Radøy</li> <li>14. Fv. 57 Vatne-krysset, Radøy</li> <li>15. Molvik-krysset, Lindås</li> <li>16. Fv. 565 Radøy/Lindås-Sæbø skule, Radøy</li> <li>17. E39 Vikane-Eikangervåg, Lindås</li> <li>18. Fv. 564 Sandskaret-Holme, Lindås</li> <li>19. Fv. 565 Hilland-Radøy, Lindås</li> </ol>	

Presentasjonar og oppdatert informasjon om Nordhordlandspakken og prosjekta finn du her: <https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/nordhordlandspakken>